

Gløymde hamnane i Uskedalen!

17.03.2011

Ein skandale!

Det er orda som Kristian Olav Bringedal nyttar for å karakterisera årets utgåve av Sunnhordlandsguiden.

Der er båthamnane i Uskedalen utegløymd og det er også SPAR med sitt bensinsal.

Karen Løvfall Våge i Samarbeidsrådet og Kvinnherad Turistinformasjon beklagar sterkt det som har skjedd.

Guiden blir ikkje trykt i fleire opplag og Bringedal held fram at alle krefter no må setjast inn for å nytta andre kanalar til infomasjonen framfor kommande sommar.sesong.

Løvfall Våge seier at det skulle ha vore ein oversikt over alle hamnane i Kvinnherad, slik det var i fjar, men noko har skjedd med lista. Ho veit ikkje kva som har skjedd og ho har ikkje plukka opp dette i korrekturen.

Det som er nytt i år er at ein kan bli medlem av VisitSunnhordland og få ekstra presentasjon i guiden og på nettet.

For båthamnar kostar det 1.000 kroner og Husnes båtlag har til dømes fått det.

På grunn av det som er skjedd, er Uskedalen Båtlag no lagt ut på www.visitsunnhordland.no for dette året - som ein kompensasjon..

Av Ola Matti Mathisen